



Gaute Åsebø  
Åsebøvegen 149  
5917 Rosslund

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/7476 - 23/69086

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
08.09.2023

## Løyve til å dyrke opp om lag 8 daa på gbnr. 346/4 Åsebø i Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr: 937/23

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om nydyrking gjev Alver kommune Gaute Åsebø løyve til å dyrke om lag 8 daa som søkt om på gnr. 346, bnr. 4 Åsebø i Alver kommune.

### Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminne kulturminne slik det går fram av saksutgreiinga må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.
- For myra lengst vest (den minste myra) skal dyrkinga avsluttast 15 m frå naboeigedom slik det går fram i saksutgreiinga.
- Løyvet fell vekk om ikkje arbeidet er sett i gong innan 01.09.2026.
- Arbeidet må vere ferdig innan 01.09.2027.
- Langs vassdrag med årssikker vassføring skal vegetasjonssone vere minst 6 m.
- Når arbeidet er ferdig skal kommunen varslast for ferdiggodkjenning.

### Saka gjeld

Gaute Åsebø, eigar av gnr. 346, bnr. 4, søkjer om å få dyrke opp om lag 8 daa myr fordelt på to stader slik fig. 1 syner. Det er vegutløysing for begge områda.




Fig. 1. Området skal dyrkast opp er i gardskartet registrert som myr.

### VURDERING:

Særleg med tanke på at det i utgangspunktet er forbod mot dyrking av myr, var kommunen på synfaring i området. I paragraf 5a i forskrift om nydyrking er det opna for at kommunen i særlege tilfelle kan gje dispensasjon frå forbodet av dyrking av myr. Eit av eksempla er der grunneigars einaste dyrkingsressurs er myr.

Den minste myra, sjå fig. 1, er truleg djupast mot sør dvs mot naboeigedom. Den vart ikkje bonitert under synfaringa. Her er det òg noko utfordrande med fall til utløp. I fylgje søkjar har det tidlegare vore teke ut torv på denne myra.



Fig. 2. Den minste myra på om lag 2,5 daa. Tilkomsten er lengst borte i bildet.



Fig. 3. Den minste myra held fram inn på naboeigedomen. Ut frå vegetasjonen vart myra vurdert til å vere djupare her.

Den største myra som ligg lenger aust har naturleg fall ned mot eit tjørn.



*Fig. 4. Denne myra har fall ned mot eit tjørn som vi skimtar til høgre i biletet. Her ser vi mot vest.*



*Fig. 5. Den største myra i austleg retning.*



*Fig. 6. Vegen mot den største myra har enkel standard.*



Fig. 7. Standarden på vegen vert betre dess lenger vest på eigedomen ein kjem. Her ved den minste myra (til venstre).

Alver kommune og dei tre tidlegare kommunane kvar for seg har saman med dyktige brukarar opp gjennom åra prøvd å leggje til rette for å halde oppe drifta av jordbruksareal i området. Dette har ført til at mange små bruk framleis er aktivt drive, i mange tilfelle som sauebruk slik som her. Det er slik sett lite eller inkje leigejord tilgjengeleg i området.

Søkjar ynskjer å leggje til rette for neste generasjon. Han har restaurert driftsbygningen med nytt tak, nye sperr, bjelkelag, reisverk, kledning og spalte. Han har òg auka kapasiteten på siloen. Vidare har fornying av enga og omfattande bruk av skjelsand/kalk vorte gjennomført. Endeleg har søkjar investert i gjerdehald/nye gjerder div utstyr mellom anna ny traktor. Det ligg føre planar om å auke dyretalet monaleg til om lag 70 v.f.s. Per i dag er det 44 v.f.s. på garden jf. siste søknad om produksjonstilskot. Sauene går på sommarbeite i Herfinndal og austover i Vaksdal.

Med auka fokus på betre grovfôr og auka matproduksjon på norske ressursar treng vi meir areal i drift. Generelt er det som nemnt ikkje lett å få tak i dyrka mark i dette området då det er eit aktivt jordbruksområde på Holsnøy. Konkret har søkjar fått hand om noko dårleg leigejord. Alternativet som då står att er dyrking av myr.

Kommunen meiner det ovanforståande er vektige grunnar som må takast med i vurderinga av søknaden jf. forskrifta § 5a.

Andre moment som skal vurderast i saka er natur- og kulturlandskapsverdiar, evt. konflikt med kjende kulturminne, konflikt med vassdrag, vegrettar/tilkomstar.

Prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og kulturminnesøk utan at det er gjort funn i områda for nydyrking.

Saka har òg vore sendt på høyring til Statsforvaltaren i Vestland. Dette med bakgrunn i forskrifta § 9 om saksførebuinga der det heiter at Statsforvaltaren skal få høve til å uttale seg der «vesentlege natur- og kulturlandskapsverdiar kan verte råka. I dette tilfellet er det søkt om å dyrke opp dels skogsdekt myr.

I uttale av 16.02.2023 peikar Statsforvaltaren på innhaldet i forskrift om nydyrking § 1 der det går fram at nydyrkinga skal gjerast på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskap. I dette ligg at det skal leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde.

Det skal òg leggast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Statsforvaltaren peikar òg på at det etter § 5 i forskrifta skal leggast vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ynskjeleg å styrke driftsgrunnlaget på eigedomen.

Det er òg slik at forskrift om nydyrking vart endra 2.juli slik at nydyrking av myr ikkje lenger er tillate. I særskilte tilhøve er det mogleg å gje dispensasjon frå dette forbodet. Dersom dispensasjonssøknaden fell inn under eit av dei særlege tilfella nemnt i forskrifta, kan det likevel berre gjevast dispensasjon når behovet for tiltaket er meir tungtvegande enn omsynet til natur- og kulturlandskap om omsynet til klima. Statsforvaltaren held fram at søkjar må dokumentere at nydyrkinga er av vesentleg betydning for å oppretthalde drifta.

I fylgje NIBIO sitt myrkart er dei aktuelle areala djup myr på høvesvis 2,5 og om lag 5,5 daa – sjå fig. 8.




Fig. 8. Omtrentleg plassering av nydyrkingsfelt. Planlagt område for nydyrking er i myrkartet til NIBIO registrert som djup myr slik Statsforvaltaren peikar på.

Om kommunen ser på NGU sitt lausmassekart, er registreringa av myr i området noko anna – sjå fig. 9.




Fig. 9. Omtrentleg plassering av nydyrkingsfelta. I NGU si kvartærgeologiske registrering ser vi at lausmassane i dyrkingsområdet er vurdert som «tynt-humus/torvdekke». Kjelde: [www.ngu.no](http://www.ngu.no)

Med bakgrunn i fig. 3 og 4 kan det reisast tvil om dette er myr eller i alle fall djup myr. Alver kommune har vore på synfaring. Etter vår vurdering er områda i all hovudsak «fast myn», noko som kan tyde på at den ikkje er så djup. Om lag i grensa til naboeigedom går den vesle myra over til djupare myr vurdert med bakgrunn i vegetasjonsdekket og fastleiken av myra – sjå fig. 2-3 ovanfor.

Vi meiner difor at dyrkinga må trekkjast vekk (nordover) frå nabogrensa med om lag 15 m på denne myra. Dette vart drøfta med søkjar under synfaringa og det kjem fram i vedtaket.

Som nemnt skal slike søknader vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8 – 12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor, finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-var» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Dette då dyrkingsfeltet er avgrensa i omfang og heller ikkje gjev, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og slik sett gjev best mogleg lokalisering, mellom anna i høve driftssenteret jf. naturmangfaldslova §§ 11-12.

Vestland fylkeskommune, kultur og folkehelse har òg kome med attendemelding. Dei skriv at dei ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som tiltaket vil kome i konflikt med. Dei ber om at det så langt det let seg gjere vert teke omsyn til kulturlandskapsverdiane i området.

Dei gjer òg merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8.2. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekkja under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Ved vurderinga må kommune gjere ei avveging av innhaldet i forskrift om nydyrking § 5 jf. jordlova § 1 om det er ynskjeleg å styrke ressursgrunnlaget på bruket og vidare om dyrkinga legg opp til driftsmessige gode løysingar.

Vidare må kommunen ta stilling til forbodet mot dyrking av myr knytt opp til dei unntak som er nemnt i forskrifta § 5a.

Ved nydyrking skal det settast igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sona vere minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sona vere minst 2 meter. Som vassdrag reknar ein stillestående eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vassløp utan årssikker vassføring dersom det skil seg tydeleg frå omgjevnadane. Ved fare for avrenning til vassdrag skal det opparbeidast eit fangdamsystem.

Vegetasjonssona kan bestå av gras artar som kan haustast, men som ikkje skal gjødslast. Ein skal heller ikkje driva jordarbeiding i denne sona.

### Regelverk

- Forskrift om nydyrking
- Jordlova
- Offentleglova
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova
- Naturmangfaldslova

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/7476»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

**Mottakarar:**  
Gaute Åsebø

Åsebøvegen 149

5917 Rosslund